



Planområde er alt areal på nedsida av Fylkesvegen frå Eidsvik Eigeedom til Mørkevågen. Bilete her syner eksisterande tomter på reguleringsplan frå 1978.

**Det er kunngjort oppstart av detaljregulering av Børnes Industriområde med mellom anna ope møte i Gamleskulen onsdag 28. august. Planarbeidet er i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8. Ny reguleringsplan avløyser den gamle planen frå 1978. Kvinnherad kommune er tiltakshavar og plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur Stord AS.**

Målet med planen er å utvikla næringsområde med tilhøyrande infrastruktur. Planområde omfattar både kommunale og privateigde område. Planområde er på totalt 228,7 dekar med heile 46 bruksnummer/eigedomar.

Planområde frå 1978 er regulert til næring, kai, park og infrastruktur/samferdsle. Eksisterande kommuneplan har med areal til naust, fritidsfremål og bustad. Dessutan har kommuneplanen med byggenrete mot sjø, noko som manglar i den gamle reguleringsplanen.

Planen frå 1978 held med andre ord ikkje dagens standard og vert opphava. Ny plan vil mellom anna sei noko om:

- Ein heilskapleg infrastruktur for alle eigedomane med mellom anna ein trygg tilkomst og parkering.
- Busslomme ved Fv 48
- Større kai enn den som er i dag
- Utfylling i sjø
- Tilkomst til naust og fritidseigedom med brygger og fellesanlegg
- Kva type næring det skal opnast opp for i område med evt. miljøkrav til framtidig aktivitet
- Avgrensingar til det som i dag er friluftsområde Klubben
- Byggegrense mot sjø

Dette er berre noko av det som vil bli innhaldet i ny reguleringsplan.

Uskedal Utvikling er utpeika til å vera med i referansegruppa. Vi kjenner ikkje til kven andre frå lokalt næringsliv som er invitert til å vera med i planarbeidet.

***I samband med innspelsperioden vert det skipa til folkemøte i Gamleskulen onsdag 28. august kl. 18.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er stor aktivitet på Børneset alt i dag. Ny reguleringsplan vil samrodnda og leggja til rette for ny og framtidig industri ( Arkivfoto ).